

ÅRSRAPPORT 2024


Relevant

Attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon



Kompetanse

Pådrivar for riktig kunnskap i næringslivet



Rammevilkår

Stemme mot offentlege myndigheiter



Utvikling

Bidragsytar for å sikra vidare omstilling og vekst



Styre

Styreleiar

Arild Bøthun, Sartor & Drange

Styremedlemmer

Øyvind Langedal, Lancon
Anja Moen Arefjord, Vex Gruppen
Monica Gudmundsen, ACOS
Trond Helge Nyegaard, Sotra Fiskeindustri
Einar Drægebø, Harris
Hanne Misje Lokøy, CCB

Varamedlemmer

Grethe Bjørøy, Live2Learn
Silvia Høines, Panorama Hotell & Resort

Administrasjon

Dagleg leiar

Kari-Anne Landro

Kommunikasjonsansvarleg

Anders Ekanger

RELEVANT

Attraktiv og oppdatert medlemsorganisasjon

Medlemstalet er stabilt med over 360 medlemsbedrifter. Det er ein god miks av små, mellomstore og store bedrifter, fordelt på mange ulike bransjar. Nokre av medlemmane har i tillegg inngått ulike nivå av samarbeidsavtalar. Dette talet er også stabilt gjennom 2024, med om lag 25 slike avtalar på tre ulike nivå.

Relevante møteplassar er viktig for å utvikle gode relasjonar og samarbeid. Det er gjennom 2024 invitert til mange ulike møteplassar for fagleg påfyll og nettverksbygging.

Januartreff

Kva vil 2024 bringa med seg?

- Mål og strategiar i Vest Næringsråd
- Økonomiske utsikter
- Gode råd til næringslivsleiarar i ei turbulent og ny tid
- Slik gjer du bedrifta di meir synleg

Marstreff

Korleis kan du ta i bruk kunstig intelligens i kvardagen?

- Kva betyr det for deg og arbeidsplassen din?
- Korleis kan vi bruke det fornuftig?
- Kva får dette å seie for bedriftsleiarar?

Maitreff

Fagleg påfyll med grillmat og god stemning hos Sotra Gruppen

- EU-kontroll for SMB-bedrifter
- Grøne lån
- Lokalavisa og næringslivssaker
- Kø-problematikk og framdrifta i Sotrasambandet

Septembertreff

Pangstart på hausten

- Slik står det til i næringslivet
- Konjunkturbarometer
- Energibrønner
- Ny status på Sotrasambandet
- Status Bergen Hamn
- Busstur og omvising Northern Lights



Reiselivsmøte

Øygarden som reisemål i framtida. I samarbeid med Visit Bergen

Kompetanseseminar

TAF-linje til Sotra vidaregåande? Framdrift for ny vidaregåande

Energimessa

Full fart med nytenkande barn og unge, som viser fram ideane sine

Kampen om havet

One Ocean Week! Korleis skal vi bruke areala i sjøen? I samarbeid med NCE Seafood og Øygarden næringsutvikling

Energiomstilling

One Ocean Week! Nordsjøen si rolle i energiomstillinga i Europa. I samarbeid med PwC, Øygarden næringsutvikling m.fl.

Jobbmesse

Jobbmesse for flyktingar. I samarbeid med Øygarden kommune og NAV.

Trafikksituasjonen

Tapt arbeidstid og tapt arbeidskraft pga trøblete pendling. Kan vi gå saman om tiltak?

HavExpo

Norges mest spennande møteplass for fiskeri- og havbruksnæringa. Stand saman med Øygarden kommune.

Innovasjonsuken

OPP

La oss snu OPPned på havnæringane! I samarbeid med PwC med fleire.

Berekraftsrapportering

Kva betyr berekraftsdirrektivet for bedrifta di? I samarbeid med BDO.

OTD Bergen

Samling av 250 leverandørbedrifter innan energi og maritim industri. Stand saman med Øygarden kommune.

Frå fjære til framtid

Finansmarknad, KI og teknologiutvikling i sjømatnæringa. I samarbeid med Liegruppen.

Krafttak mot Kreft

Ringedugnad til næringslivet! Innsamling av pengar til livsviktig kreftforskning! I samarbeid med Kreftforeningen og Sartor Storsenter.

TV-aksjonen

Ringedugnad til næringslivet! Innsamling av pengar til Barnekreftforeningen. I samarbeid med Øygarden kommune og TV-aksjonen.

Økonomifrukost

Siste nytt innan økonomi, rekneskap, skatt og avgifter. Etterutdanningstimar for revisor / rekneskapsførar. I samarbeid med KPMG.



Ny ressursgruppe

På medlemstreffet i januar 2023 hadde vi besøk av nokre engasjerte damer frå 4 medlemsbedrifter. Disse hadde tatt initiativ til eit miljøsamarbeid mellom industribedrifter på Ågotnes. Dette har utvikla seg til møteplassen Øygarmot. Vest Næringsråd har hatt jamnleg dialog med Øygarmot. Hausten 2024 sette vi oss ned saman og snakka om korleis vi kunne samarbeide endå tettare. Konklusjonen etter møtet var at Øygarmot vert løfta inn som ei eiga ressursgruppe for berekraft i Vest Næringsråd. Dette er ein vinn-vinn-situasjon, kor gode krefter frå medlemsbedrifter løftar tema som er relevante for mange i nettverket. Ressursgruppa vil halde fram arbeidet med å legge til rette for gode møteplassar med berekraft og miljø på agendaen.

Ressursgruppa har følgjande medlemmer hausten 2024:

Anita Vindenes, Sotra Gruppen
Tanja Svellingen, CCB
Elisabeth Vethe, TechnipFMC
Cecilie Sælen, CCB Subsea
Anders Ekanger, Vest Næringsråd





Annan medlemskontakt

Medlemskontakt i form av besøk og annan dialog er viktig for forståinga av saker som er viktig for nettverket og næringslivet. Nyheitsbrev, nettsidene og kanalane våre i sosiale media er nyttige verktøy for medlemskontakt, og for å gjere medlemmane synlege for kvarandre.

I 2024 er det:

- Publisert **37** artklar på nettsidene
- Over **100** innlegg i sosiale media
- Utsending av **39** nyheitsbrev



KOMPETANSE

Pådrivar for riktig kompetanse i næringslivet

I ressursgruppe skule og næringsliv var det god aktivitet våren 2024.

Grappa engasjerte seg i tilbakemeldinga frå næringslivet om ønsket om TAF-linje / YSK-modell til Sotra vidaregåande skule. Altså skuletilbodet som fører fram til både fagbrev og studiekompetanse. Det vart invitert til eit kompetanseseminar i februar, kor TAF-modellen og framdrifta for bygging av ny vidaregåande skule var tema.

Grappa var på besøk på Åsane vidaregåande skule, for å sjå korleis den er bygd opp midt i eit senterområde, og med fleire sambruksfunksjonar.

Det vart også utarbeidd eit høyringsinnspel til Vestland fylkeskommune sin plan om tilbudsstruktur for vidaregåande opplæring i Vestland.

Ressursgruppa hadde følgjande samansetjing våren 2024:

Marianne Furheim, Straume Mesterbygg
Peder Torsvik, Torsvik Elektro
Per C. Aarsand, Pitstop
Ingvild Johannessen, Sotra Gruppen
Olav Lee, Sotra vidaregåande skule

Erik Henneli, Sotra vidaregåande skule
Hanne Misje Lokøy, Øygarden næringsutvikling
Marius Flesland Sylta, Øygarden kommune
Kari-Anne Landro, Vest Næringsråd

Vest Næringsråd var elles deltakar i ei rekke aktivitetar som pådrivar for riktig kompetanse til næringslivet:

- ✓ Medarrangør for Energimessa for skuleelevar
- ✓ Tilrettelegging for at skuleelvar deltar på Øygardskonferansen 'og andre arrangement
- ✓ Tilrettelegging for at ferske fagarbeidarar deltar på Øygardskonferansen
- ✓ Deltaking på konferansen «Digg læring»
- ✓ Besøk til yrkesmessa
- ✓ Besøk til karrieredagen for yrkesfag
- ✓ Deltaking på stormøte i Kompetanseforum Vestland
- ✓ Besøk til Newton-rom i Orkland, saman med Øygarden kommune
- ✓ Samarbeid om jobbmesse for flyktningar
- ✓ Støtte til skuleprosjekt
- ✓ Skulebesøk



RAMMEVILKÅR

Stemme mot offentlege myndigheiter

Det er mange rammevilkår som påverkar næringslivet. Stabile og langsiktige rammevilkår er viktig for mange av medlemsbedriftene. Vest Næringsråd engasjerer seg difor i aktuelle saker gjennom ulike møtepunkt med offentlege mynde og politikarar, deltaking i debattar, lesarinnlegg, høyringar med meir.

Gjennom ressursgruppe utvikling har det vore løfta ulike tema knytt til arealplanar, og spesielt det som gjeld prosessen for kommuneplanens arealdel (KPA).

Ressursgruppa har hatt følgjande deltakarar i 2024:

Arild Bøthun, Sartor & Drange
Astrid Aag, Sartor Holding
Roy-Eddy Lie, Liegruppen
Jan-Dagfinn Lund, CCB
Vibeke Frøyseth, Harris
Øyvind Blom, Blom Fiskeoppdrett

Silje Haukedal, Øygarden kommune
Hanne Misje Lokøy, Øygarden næringsutv.
(til og med april)
Andre representantar frå ØK etter behov
Kari-Anne Landro, Vest Næringsråd

Vest Næringsråd er medlem av Næringsalliansen, som er eit samarbeid mellom 17 næringsforeiningar i Vestland fylke. Her vert det mellom anna etablert felles medlemsundersøkingar, skriven felles høyringsuttalar og lesarinnlegg m.m.

Nokre av sakene frå 2024:

- Møte med Vestlandsbenken på Stortinget
- Ope møte om formueskatten
- Høyringsinnspel til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028
- Innspel til Nasjonal transportplan 2025-2036
- Innspel til partiprogram

I 2024 vart det også etablert ei nasjonal overbygning for næringsforeiningar i heile landet, kor Vest Næringsråd er blitt medlem. *Næringsforeningene i Norge* vil vera ei sterk, felles stemme når det gjeld næringspolitikk og rammevilkår. Ved for eksempel høyringar på Stortinget, så er det nasjonale organisasjonar som får koma på høyringar. På den måten kan ein stå samla om standpunkt som er viktige for oss alle og legge press på desse nasjonalt.



«Det er ikke mangel på kraft, men kraften kommer ikke frem der den trengs»

Industri, transport og hele samfunnet forøvrig skal elektrifiseres for at vi skal klare å kutte utslipp som er helt nødvendig for å unngå en varierende klimakatastrofe, og sikre nye fremtidsrettede prosjekter, sier leder i hvert sitt næringsråd.



UTVIKLING

Bidragstytar for å sikre vidare omstilling og vekst

Øygardskonferansen

Øygardskonferansen er Vest Næringsråd sitt største arrangement gjennom året. Målsetjinga er å løfte fram aktuelle tema som bidrar til vidare verdiskaping og utvikling. Øygardskonferansen 2024 vart arrangert under overskrifta VIDSYN VILJE VISJON, kor vi såg nærare på Øygarden si rolle i verda. Næringslivet lokalt bidrar til store eksportverdiar, blant anna knytt til energi, sjømat og kompetanse. Det var rekordstor deltaking og det stadfestar at dette er blitt ein attraktiv møteplass. Vi set stor pris på at vi har gode støttespelarar i Øygarden kommune, Sparebanken Vest Agenda Vestlandet, Equinor og OTD.



Partnerskapsavtale

Den strategiske partnerskapsavtalen med Øygarden kommune vart vidareført i 2024. Den legg grunnlag for mange ulike aktivitetar for å bygge opp under felles målsetjingar, som blant anna synleggjer regionen og næringslivet sine fortrinn.

Øygarden kommune har gjennom 2024 jobba mykje med å etablere mandat og organisering for Framtidssamfunnet. Det vart gjennomført eit forprosjekt kor Vest Næringsråd deltok i både styringsgruppe og arbeidsgruppe. På slutten av året tok organiseringa form. Det vart avklart at Vest Næringsråd er representert i sekretariatet, prosjektjuryen og Framtidskomiteen. Den overordna målsetjinga for Framtidssamfunnet er at offentlege, private og frivillige aktørar i Øygarden jobbar på ein ny måte, for å finna løysingar på ulike samfunnsutfordringar.

Øygarden kommune gjorde også endringar i korleis dei organiserer næringsarbeidet. Det kommunale føretaket vart avvikla, og frå 1. oktober er Marianne Furheim nærings sjef. I den praktiske oppfølginga av partnerskapsavtalen er nærings sjefen kontaktpunktet mellom Øygarden kommune og Vest Næringsråd.

Mange av grensesnitta og felles aktivitetar er omtalt elles i årsrapporten, blant anna i oversikta over relevante møteplassar og arbeidet i ressursgruppene. Utover dette har det vore mange andre kontaktpunkt, og av desse kan nemnast:

- Felles deltaking på Arendalsuka
- Felles deltaking i muligheitsstudie for biogassanlegg
- Felles deltaking i styringsgruppe for Øygarden som berekraftig reisemål
- Sparring rundt utviklingsprogram
- Oppfølging av prosjekt næringsvenleg kommune
- Diverse dialog knytt til trafikksituasjonen



Gründerskap og nyetablering

Det er mange aktørar som jobbar saman for tilrettelegging for gründere og nyetablerarar. Også i 2024 har Øygarden kommune, Liegruppen og Vest Næringsråd samarbeida om drifta av Gründerparken Vest.

Det har vore gjennomført ulike arrangement for gründere. Det har også vore dialog med ei rekke gründere som har tatt kontakt, både knytt til behov for kontorareal, men også generell rådgjeving. I samband med dette er Etablerarsenteret ein viktig samarbeidspartnar, og dette året har det også vore tettare dialog med Vestlandets Innovasjonsselskap (VIS). I tillegg er det fleire av medlemsbedriftene som deler av deira kompetanse knytt til gründerskap og etablering.

Noreg treng gode idear og menneske som skapar nye arbeidsplassar. Rammvilkår for gründerskap og etablering er difor viktig. Dette har blant anna vore tema i møte med representantar frå Stortinget og gjennom den nye organisasjonen Næringsforeningene i Norge blir det gitt høyringsuttale til den nye gründermeldinga.

Gjennom det langvarige samarbeidet mellom Vest Næringsråd og Sparebanken Vest får vi stimulert gode, lokale idear gjennom Stormfondet. I 2024 var det Alexandra Vik i ConnectDem som fekk tildelt kr 200 000,-. Ho vil utvikle ei digital plattform for pårørande, med mål om å forebygge og motverke dei psykososiale belastningane knytt til demens.



UTDELINGAR

Årets bedrift, årets fyrtårn og heidersprisen

Årets bedrift

I samarbeid med Nordea deler Vest Næringsråd ut prisen for årets bedrift. Prisen har lange tradisjonar i Vest Næringsråd og juryen skal gjera ei heilskapleg vurdering, kor ei rekke faktorar ligg til grunn. Prisen vert utdelt på årsfesten.

Biomega Norway er årets bedrift i 2024!

Bedrifta har sidan etableringa ved tusenårsskiftet bidratt til berekraftig utnytting av marine ressursar, gjennom forskning og teknologiutvikling. Gjennom døgkontinuerleg drift bruker bedrifta råstoff frå akvakultur til bioraffinering, for produksjon av fiskeolje til bruk i dyrefôr og som tilskot i humant konsum. Juryen la blant anna vekt på at dei saman med naboverksemda har etablert eit skuleeksempel på industriell symbiose, kor avfallet frå naboverksemda er råstoff som går i rør mellom produksjonslokala.



Dagleg leiar Chris Simmenes tok imot prisen som Årets bedrift. Tone Sundal frå Nordea og Arild Bøthun, styreleiar i Vest Næringsrådet sto for tildeinga.

Årets fyrtårn

I samarbeid med Sparebank 1 Sør-Norge deler Vest Næringsråd ut prisen for årets fyrtårn. Formålet med prisen er å heidre ein person som anten gjennom bedrift eller organisasjon har hatt spesiell positiv betydning for regionen. Det kan vera engasjement i dagsaktuelle saker og eit bidrag til samfunnsutviklinga som blir lagt merke til. Prisen vert utdelt på årsfesten.

Ingvill Skorpen Bøge er årets fyrtårn i 2024!

Attraktivitet handlar om å utvikle gode og velfungerande kommunar og regionar, der innbyggjarar, næringsliv og besøkande ønsker å vera. Reiselivet skapar møteplassar, også for innbyggjarar og næringsliv i lokalsamfunnet. Årets fyrtårn har skapt ein slik møteplass! Med stort pågangsmot, knallhardt arbeid og ein god dose humor, også når motbakkane har vore bratte, har ho skapt ein møteplass, arbeidsplass og destinasjon i Porsvika 125.



Ingvill Skorpen Bøge fekk tildelt prisen saman med eit måleri av kunstnarane Marianne Skjebred med målarne Marstein Inghårousen, Kari Arne Lundro i Vest Næringsråd og Øyvind Brødholt frå Sparebank 1 Sør-Norge tidde ut prisen.

Vest Næringsråd sin heiderspris

Nytt av året var tildeling av ein heiderspris.

Vest Næringsråd sin heiderspris kan tildelast personar eller medlemsbedrifter som har hatt ei langvarig og sentral rolle i næringslivet lokalt, og utmerka seg på ein spesiell måte. Det skal vera ein honnør for den innsatsen som er lagt ned for nærings- og samfunnsliv.

Utdelinga av prisen er ikkje knytt til eit fast intervall.

Det er styret i Vest Næringsråd som gjer vedtak om tildeling av heidersprisen.

Peder O. Lie vart tildelt Vest Næringsråd sin heiderspris i 2024!

I grunngevinga vart det dratt fram at han bokstaveleg talt vart født inn i yrket og det som har vore hans daglege virke. Han vert heidra for å ha evna til å ha ein fot i historia og tradisjonane, og den andre foten i nytenking og utvikling.

Prisvinnaren er visjonær og teknologiutvikling har stått sentralt. Han har eit stort samfunnsengasjement langt utover verksemda, og lokalsamfunnet og dei nære verdiane er viktig.

Vest Næringsråd heidra Peder O. Lie for meir enn 75 år med nærings- og samfunnsutvikling med røtene godt plassert på Liaskjæret. Gåva til vinnaren var i tillegg til heider og ære, ein karikaturteikning av Peder omgitt av positivitet, fiskebåtar, familieaktivitetar og musikk!



Vivian Steinsland heidra Peder Lie med eit spesial-laga potpurri med songar om livet på kysten.

ØKONOMI

Årsrekneskap

Årsrekneskapen for 2024 er lagt ved årsrapporten. Styret meiner den gjev eit rettvissande bilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Alle føresetnaer er oppfylt for framleis drift av organisasjonen. Årsrekneskapen er sett opp under denne føresetnaden.

Vest Næringsråd har ei verksemd som ikkje påverkar ytre miljø på ein slik måte at det er laga ei eiga miljørapportering.

Straume 01. april 2025

Arild Bøthun
Styreleiar

Einar Drægebø
Styremedlem

Hanne Misje Lokøy
Styremedlem

Øyvind A. Langedal
Styremedlem

Anja Moen Arefjord
Styremedlem

Trond Helge Nyegaard
Styremedlem

Monica Gudmundsen
Styremedlem

Kari-Anne Landro
Dagleg leiar